



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet

Dato: Torsdag 14.12.2023

Klokka 13.00-17.00

Stad: Thon Hotel Sandven, Norheimsund

Til stades:

Eidfjord kommune:	Ordfører Timo Knoch
Kvam herad:	Ordfører Torgeir Næss
Ullensvang kommune:	Ordfører Roald Aga Haug -rådsordfører
Ulvik herad:	Ordfører Jens Olav Holven
Rådmannsforum:	Rådmann Ole-Jørgen Jondahl
Administrasjonen:	Dagleg leiar Jostein Eitrheim og Konsulent Trude Rinaldo

Agenda:

Orienteringar:

13.00 - 14.00 Nasjonalt frukt- og sidersenter v/Anna Gursli Langesæter Siderklynga

14.00 - 15.00 Løft blikket v/Kristoffer Relling

15.00 - 17.00 Sakshandsaming

Saker til handsaming:

HR-sak 26/23 Meldingar

Vedtak:

Meldinga vert teken til vitande.

HR-sak 27/23 E134 - Arm til Bergen Uttale frå Hardangerrådet

Utkast til uttale var ettersendt til regionrådet.

Vedtak:

Utsendt framlegg til uttale vert vedteken som Hardangerrådet sin uttale vedr. traseval for E134 arm til Bergen.

HR-sak 28/23 Restfinansiering Hardangerkonferansen 2023

Vedtak:

Hardangerrådet støttar Hardangerkonferansen 2023 og løyver kr 46 690. Beløpet vert dekkja gjennom "Restmidlar regionalt næringsfond".

HR-sak 29/23 Orienterings- og drøftingssaker innmeldte ved starten av møtet

- Ønskje om fellesmøte med Sunnhordlandsrådet
 - Fellesmøte kan passa den 11. april i Rosendal om det vert møtestart litt seint på ettermiddagen.
- Felles forvaltningsplan for Hardangerfjorden -
 - Søknad om støtte til "Prosjekt renere og rikere Hardangerfjord og vassdrag" Søknad vert sendt direkte til kvar kommune

- Rådmannsforum (planavdelingane i kommunane) får ansvaret for denne forvaltningsplanen.
- Hardingtinget - tema/program
 - Administrasjonen og rådsordførar arbeider vidare med tema/innleiarar. Forslag Omstilling Hardangerrådet - fellesprosjekt
- Hardangerkonferansen 2024 - oppstart planlegging
 - Innkalling til første møte i programstyret i januar/februar
- Hardanger og Voss ungdomsråd - opplæringskonferanse veke 6 el 7
 - Aktuell dato er 9.02.2024
- Turistbåtruta på Hardangerfjorden Vedtak i fylkestinget 13.12.
 - Administrasjonen sjekkar ordlyd i budsjettvedtak i Vestland fylkeskommune.
- "Siderbåten" - møte The Fjords?
 - Hardangerrådet inviterer The Fjords til møte.
- Endring av møtekalendar 2024
 - Forslag til endring av møtekalendar for Hardangerrådet vert lagt fram i neste rådsmøte. Endringar vert gjort med grunnlag i dei vedtekne kommunale politiske møtekalendarar.
- Hardanger tingrett
 - Ordførarane arbeider vidare med påverknad for denne saka.
- Ladestasjonar
 - Ulvik ordførar tar eit felles initiativ mot reiselivet ift interesse for rundreiser med elektriske bussar, då må ladestruktur vera tilgjengeleg over heile regionen. No er det manglande kapasitet i Ulvik.

HR-sak 30/23 Val av rådsordførar og rådsvaraordførar 2024 - 2025

Vedtak:

Til Rådsordførar for 2024-2025 vert vald: Timo Knoch, Eidfjord kommune

Til Rådsvaraordførar for 2024-2025 vert vald: Jens Olav Holven, Ulvik herad

Møteboka godkjent 14.12.2023

Roald Aga Haug
Rådsordførar